



Medlemmar i elevrådet
Internt Manger skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/383 - 14/1545

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

13.02.2014

Referat 6

ELEVRÅDSMØTE 21.JAN 2014
MANGER SKULE
Desse møtte: 5.trinn: Marcus og Julie 6.trinn: Espen og Anahita 7.trinn: Marte og Marius
Sak 1: REFERAT FRÅ FORRIGE MØTE Merknad til referatet: *Elevrådet har bestemt at det bare er stikkball-banevakten som skal seie «Alle utpå» *Elev-vakt-ordninga vil bli innført frå veke 8.
Sak 2: ORDENSREGLANE PÅ MANGER SKULE Ordensreglane er ikkje kome opp på veggen i klasseromma etter rehabiliteringa. Presisering: Ordensreglane er ikkje det same som klassereglar.
Sak 3 :GJENNOMGANG AV TILTAKSPLANEN MOT MOBBING Rut las gjennom tiltaksplanen for elevrådet. Planen inneheld følgende punkt: a)Definisjon på mobbing b)Førebyggjande arbeid (Tiltak i klassane/Aktiviteter for å fremje trivsel mellom borna) c)Vaksen åtfærd mot mobbing d)Tiltak når mobbing vert oppdaga. Elevrådet ser at innhaldet i nokre av punkta må reviderast, og Rut snakkar med Inger om dette.
Sak 4: JULEBALLET 2012 OG 2013. Alle elevane i 5.-7.tr har fått anledning til å skrive på eit evaluerings-ark om juleballet (2012 versus 2013.) Mange av elevane ynskjer at juleballet neste år skal innehalda dette: *Polenese *mat *bord og stoler *fleire leikar *dans. Desse innspela vil bli brukt som utgangspunkt for planlegginga av juleballet 2014
Sak 5: INFO OM OPNINGS-FESTEN AV «NYE MANGER SKULE»

Det vert opningsfest tysdag 18.februar kl 10.00 i gymsalen. Nærare informasjon kjem.
Sak 6: KARNEVAL 4.-7.TR VEKE 8 Karnevalet som elevrådet(og lærarane) arrangerer, vert torsdag 20.februar kl. 11.45-13.45.
Sak 7: YMSE FRÅ KLASSANE A) Stoda på stikkballbana er ikkje bra. Det er no utarbeidd reglar for stikkball, og desse er vedlagt dette referatet. Elevrådet ber om at ALLE føl desse reglane. (om det er reglar som må endrast eller er gløymt, gje elevrådet/Rut melding om det før neste elevrådsmøte).
TIDSPUNKT FOR NESTE MØTE: Onsdag 5.febr kl. 10.15 på biblioteket Vedlegg: Kanonballregler (revidert utgåve jan 14) ved Manger skule Stikkballregler Ref: Rut

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Utkast til Stikkballreglar 2014 Manger skule

1. Stikkball skal spelast på den største bana mellom basketball-veggane.
2. Dei som er med i spelet samlast i ein tett ring, og set den eine foten fram. Ballen droppast av han/ho som har ballen.
3. Spelet går ut på å ta/stikka , med å kaste ball mot kroppen til dei andre som er med på spelet.
4. Det er ikkje lov til å vere på lag med nokon. Det er **ALLE MOT ALLE**.
5. Ta/stikk han/ho som er **nærast**. Grip han/ho ballen, vert du sjølv tatt av den som greip han.
6. Kast med det same du får tak i ballen (max 3 sekunder tenketid). Tenker du for lenge, må du leggje ballen ned, og andre kan ta ballen.
7. Er dei andre meir enn 5 meter frå deg, kan du be dei om å kome nærare før du kastar.
8. **Ikkje gå med ballen** når du har han. Du kan ta eit steg når du kastar .
9. Går du fleire steg med ballen, må du leggje ballen ned, og andre kan ta ballen.(Dette gjeld sjølvsagt ikkje når du må hente ballen utanfor bana. Gå då til kanten av bana, før du kastar.)
10. Du er ikkje tatt om ballen treff hovudet eller andletet ditt. Du er ikkje tatt om ballen treff bakken før han treff deg. Du er heller ikkje tatt om du grip ballen før han treff bakken.
11. *Om ballen treff fleire enn ein, så er alle treft av han/ho som kasta. Om den siste grip ballen før ballen treff bakken, er det kastaren som er ute, samt den/dei som vart treft før ballen vart gripen- stemmer det?*
12. Han eller ho som vert tatt, skal ikkje vere borti ballen etterpå (Du har ikkje lov til å gje ballen til andre eller sparke vekk ballen),
13. Vert du tatt, skal du stå i nedst i amfiet til han eller ho som stakk deg, vert tatt, eller til stikkball-bane-vakta seier **ALLE UTPÅ**.
14. Går du ut av spelet, kan du ikkje kome inn att før eit nytt spel startar, eller du må vente til neste friminutt. (Det er lov å gå ein tur på do, sei i frå til banevakta eller til dei du spelar med☺)

15. Det er ikkje lov å gå ut og inn av spelet fleire gongar i løpet av friminuttet.

16. Er du ikkje med på stikkbball, må du stå utanfor bana/bak veggane/øvt i amfiet.

17. Dei som ikkje følgjer reglane/skapar dårleg stemning og krangel på stikkbball-bana får ikkje spele stikkbball resten av dagen. Bryt du reglane meir enn ein gong, får du ikkje spele resten av veka.

Utkastet er laga av Astrid og Rut, og med god konsulent-hjelp av tidlegare Manger elevar☺

Mottakere:

Medlemmar i elevrådet

Internt Manger
skule